

---

**Saksnr:** 2023/83734-4  
**Saksbehandlar:** Maia Christine Lodberg

---

## Saksgang

Utv. saksnr.	Møtedato
Fylkesutvalet	15.02.2024

## Svar på høyring - NOU 2023: 26 Ny lov om offentlege anskaffingar

### Forslag til vedtak

1. Vestland fylkeskommune støttar anskaffingsutvalet sitt forslag om å gjennomføre anskaffingsdirektivet i ny lov om offentlege anskaffingar.
2. Vestland fylkeskommune støttar anskaffingsutvalet sitt forslag til utforming av anskaffingsregelverket si føremålsføresegn i § 1-1.
3. Vestland fylkeskommune støttar anskaffingsutvalet sitt forslag om å samle reglar om samfunnsansvar inn i eit nytt kapittel 2. Vestland fylkeskommune støttar utvalet sitt fleirtal om at plikta til å nytte kontraktsvilkår om lønns- og arbeidsvilkår skal gjelde frå og med lova sitt innslagspunkt på 300.000 kroner. Vestland fylkeskommune støttar utvalet sitt mindretal om at kontrollplikta skal gjelde frå same innslagspunkt.
4. Vestland fylkeskommune støttar anskaffingsutvalet sitt forslag til regulering av grønne innkjøp og utvalet sitt forslag til regulering i § 2-2.
5. Vestland fylkeskommune støttar i all hovudsak dei endringane som er føreslått for innkjøp under EØS-terskelverdi. Vestland fylkeskommune støttar mindretalet sitt forslag til regulering av bygge- og anleggskontrakter under EØS-terskelverdi, der det er føreslått eit felles regelverk for alle bygg- og anleggsanskaffingar frå 3 millionar til 56 millionar.
6. Vestland fylkeskommune støttar i all hovudsak dei språklege endringane utvalet har føreslått for reglane over EØS-terskelverdi. Vestland fylkeskommune støttar ikkje føreslått systematikk då denne på fleire punkt vert opplevd som lite brukarvenleg.

### Samandrag

Anskaffingsutvalet har sendt forslag til ny lov om offentlege anskaffingar på høyring. Høyringa gjeld første av to delutgreiingar. Første delutgreiing gjeld regelverket sin struktur, forenkling av regelverket og tydeleggjering av føresegna om samfunnsomsyn. Utvalet føreslår i høyringsforslaget ei ny føremålsføresegn, tydeleggjering og forenkling av reglane om samfunnsomsyn, sentrale tiltak for grøn omstilling, forenkla reglar for innkjøp under EØS-terskelverdi og strukturelle og språklege endringar i reglane for innkjøp over EØS-terskelverdi.

**Rune Haugsdal**  
fylkesdirektør

**Ingrid Kristine Holm Svendsen**  
avdelingsdirektør  
Organisasjon og økonomi (ORO)

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskreven underskrift*

Vedlegg

- 1 Høringsnotat NOU 2023 26 Ny lov om offentlige anskaffelser - Første delutredning  
<https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/nou-2023-26/id3013726/>

## Saksutgreiing

### Bakgrunn for saka

Anskaffingsutvalet har sendt forslag til ny lov om offentlege anskaffingar på høyring. Høyringa gjeld første av to delutgreiingar. Første delutgreiing gjeld regelverkets struktur, forenkling av regelverket og tydeleggjering av føresegna om samfunnsomsyn. Andre delutgreiing vil føreligge 4. mai 2024.

Mandatet for første delutgreiing viser at utvalet skal føreslå ein ny struktur for regelverket der ein større del skal flyttast frå forskrift til lov. Utvalet skal og sjå etter moglegheiter for forenkling av regelverket og gjennomgå reglane om samfunnsomsyn. Eit sentralt føremål med gjennomgangen av regelverket er å styrke klima- og miljøomsyn.

Utvalet føreslår ei ny hovudlov om offentlege anskaffingar, som vil regulere dei aller fleste innkjøp både over og under terskelverdiane i anskaffingsdirektivet (2014/24/EU). I dag er sentrale delar av anskaffingsregelverket regulert gjennom forskrifter, medan anskaffingslova berre inneheld hovudprinsippa.

Det er i høyringsnotatet lagt fram forslag til ei ny føremålsføresegn. Utvalet føreslår at det overordna føremålet med ny lov skal vere å fremje effektiv og berekraftig bruk av samfunnet sine ressursar. Dette vert utpensla i ei ikkje-uttømmende liste av underpunkt. Forslaget er meint å reflektere dei omsyna som lovgjevar ønskjer å bruke anskaffingsregelverket til å fremje. Anskaffingsutvalet meiner forslag til ny føremålsføresegn vil utgjere ei meir operativ retningsline for tolking og bruk av regelverket enn noverande føremålsføresegn.

Anskaffingsutvalet føreslår ei tydeleggjering og forenkling av reglane om samfunnsomsyn. Utvalet føreslår at alle reglar om samfunnsomsyn vert samla i eit nytt kapittel 2. Føreslått kapittel 2 inneheld ei plikt for offentlege oppdragsgjevarar til å innrette sin innkjøpspraksis slik at samfunnsomsyna vert ivaretatt. Ny lov pålegg oppdragsgjevarar å ha oppdaterte rutinar for dette føremålet som skal vere offentleg tilgjengelege. Utvalet føreslår i hovudsak ei vidareføring av gjeldande rett når det gjeld dei materielle krava til kontraktsvilkår om lønns- og arbeidsvilkår i offentlege kontraktar. Det er likevel føreslått endringar i reglane sitt innslagspunkt, og enkelte presiseringar samanlikna med noverande regelverk. Fleirtalet i anskaffingsutvalet føreslår at plikta til å nytte kontraktsvilkår om lønns- og arbeidsvilkår skal gjelde frå og med lova sitt innslagspunkt på 300.000 kroner. Fleirtalet føreslår at plikta til å kontrollere etterleving av kravet gjeld for kunngjeringspliktige innkjøp (kontrollplikta). Eit mindretal i anskaffingsutvalet føreslår at plikta til å nytte kontraktsvilkår og kontrollplikta skal gjelde for kunngjeringspliktige innkjøp. Eit anna mindretal føreslår at både plikta til å nytte kontraktsvilkår og kontrollplikta skal gjelde frå lova sitt innslagspunkt på 300.000 kroner.

Anskaffingsutvalet har føreslått endringar i reglane om klima- og miljøomsyn. Anskaffingsutvalet har kome til at den nylege endringa i anskaffingsforskrifta § 7-9 ikkje er det mest effektive verkemiddelet for å nå klimamåla. Utvalet meiner at ein statisk regel om å vekte tildelingskriteriet «miljø» med 30 % tek frå oppdragsgjevarar fleksibilitet og kan kome i konflikt med føremålet i lova om å fremje effektiv bruk av ressursane i samfunnet. Utvalet sitt forslag inneber at oppdragsgjevarar skal ta omsyn til klima og miljø i alle innkjøp som vert omfatta av ny anskaffingslov. Hovudregelen i utvalet sitt forslag er at oppdragsgjevarar pliktar å stille klima- eller miljøkrav til ytinga. Med utvalet sitt forslag vert plikta til alltid å måtte vekte miljø/klima med 30 % fjerna. For innkjøp som er underlagt kunngjeringsplikt, føreslår utvalet ei ny plikt til klima- og miljøkartlegging, jf. forslaget § 2-2 andre ledd bokstav a.

Det er i høyringsnotatet lagt fram forslag til forenkla reglar for innkjøp under EØS-terskelverdi. Anskaffingsutvalet føreslår å auke lova sitt innslagspunkt frå 100.000 kroner til 300.000 kroner. Utvalet føreslår vidare at bruksområdet for dei grunnleggjande EØS-rettslege prinsippa skal vere avgrensa til innkjøp som fell inn under EØS-retten sitt bruksområde. Dei rettslege rammene for innkjøp under EØS-terskelverdi vil i forslaget følgje av alminneleg norsk forvaltningsrett, supplert med dei generelle føresegnene i ny anskaffingslov.

For innkjøp av varer og tenester under EØS-terskelverdi, føreslår utvalet å fjerne noverande nasjonale terskelverdi og tilhøyrande prosedyrereglar i anskaffingsforskrifta del II. For vare- og tenesteanskaffingar under EØS-terskelverdi er hovudkravet i forslaget at anskaffinga skal skje på

marknadsmessige vilkår. Forslaget inneber at oppdragsgjevar skal informere leverandørar som har levert tilbod om kva for ein leverandør som har vunne. Oppdragsgjevar skal offentleggjere at kontrakt er inngått og ved førespurnad grunngje avgjerla.

For bygge- og anleggsanskaffingar under EØS-terskelverdi har anskaffingsutvalet delt seg i eit fleirtal og eit mindretal. Både fleirtalet og mindretalet føreslår at bygge- og anleggsanskaffingar under 3 millionar kroner skal følgje dei same reglane som for vare- og tenesteanskaffingar. I forslaget til fleirtalet skal det for bygge- og anleggsanskaffingar over 3 millionar kroner gjelde ei forenkla kunngjeringsplikt. For bygge- og anleggsanskaffingar over 15 millionar kroner skal del III gjelde tilsvarande, men med nokre unntak for å sikre fleksibilitet. Oppdragsgjevar skal fritt kunne velje konkurranseform og setje eigne tidsfristar.

Mindretalet føreslår felles reglar for bygge- og anleggsanskaffingar frå 3 millionar opp til EØS-terskelverdi på 56 millionar. Reglane er meir fleksible enn noverande regelverk, men meir detaljerte enn fleirtalets forslag for innkjøp under 15 millionar kroner.

For innkjøp over EØS-terskelverdi føreslår utvalet strukturelle og språklege endringar i reglane. Endringane inneber i liten grad materielle endringar i noverande regelverk. Føremålet er å sikre ei direktivnær gjennomføring.

Fristen for å komme med høyringsinnspel er satt til 10. februar 2024, men departementet har på førespurnad frå administrasjon i Vestland fylkeskommune gjeve utsett frist til 17. februar 2024.

## **Fylkesdirektøren si vurdering av høyringsnotatet**

### **1. Frå forskrift til lov**

Fylkesdirektøren meiner at anskaffingsutvalet sitt forslag om å gjennomføre anskaffingsdirektivet i ny lov om offentlege anskaffingar vil vere ei positiv endring.

Fylkesdirektøren meiner at forslaget om å gjennomføre anskaffingsdirektivet i ny lov om offentlege anskaffingar vil gjere regelverket meir tilgjengeleg for brukarane, særleg brukarar utan juridisk bakgrunn. Noverande regelverk avvik frå vanleg regelverksstruktur i Noreg, og utgjer eit fragmentert og til dels komplisert rettskjeldebilete. Fylkesdirektøren er positiv til at regler av teknisk karakter vert plassert i forskrift. Ved å gjennomføre denne endringa vil lov bli den sentrale kjelda for oppdragsgjevar sine plikter og leverandør sine rettigheter. Fylkesdirektøren meiner dette vil utgjere ei viktig demokratisk forankring.

### **2. Føremålet med lova**

Fylkesdirektøren støttar anskaffingsutvalet sitt forslag til utforming av anskaffingsregelverket si føremålsføresegn. Fylkesdirektøren meiner at ei endring av ordlyden ikkje vil føre til reelle endringar i høve tolking og bruk av noverande føremålsføresegn. Effektiv bruk av samfunnet sine ressursar er framleis føremålet med regelverket, samstundes som andre samfunnsomsyn og vert ivaretekne.

Fylkesdirektøren meiner det er positivt at krav til forholdsmessigheit vert framheva i føremålsføresegna. Her vert det uttrykkeleg gjort merksam på at arbeidet med å gjennomføre ei anskaffing skal stå i rimeleg forhold til anskaffinga sin storleik og betydning. Dette er ei fornuftig påminning for oppdragsgjevarar som skal ta omsyn til mellom anna økonomi, miljø og samfunn, og balansere alle desse omsyna.

### **3. Samfunnsomsyn**

Fylkesdirektøren støttar anskaffingsutvalets forslag om å samle dei ulike føresegnene om samfunnsomsyn inn i eit nytt kapittel 2. Fylkesdirektøren meiner dette vil utgjere ei forenkling og tydeliggjering av noverande regelverk. Forslaget vil synleggjere det viktige samfunnsansvaret som høyrer til gjennomføringa av offentlege innkjøp og vidare avtaleoppfølging.

Fylkesdirektøren støttar i hovudsak utvalet sitt forslag til nye reglar om ivaretaking av samfunnsansvar, men har likevel nokre kommentarar til innslagspunkta for når dei ulike pliktene skal gjelde.

Fylkesdirektøren støttar utvalet sitt fleirtal om at plikta til å nytte kontraktsvilkår om lønns- og arbeidsvilkår skal gjelde frå og med lova sitt innslagspunkt på 300.000 kroner. Det er liten grunn til å avgrense plikta til å nytte kontraktsvilkår om lønns- og arbeidsvilkår mot mindre kontraktar. I likskap med fleirtalet meiner fylkesdirektøren at det er viktig å sikre anstendige lønns- og arbeidsvilkår på brei basis.

Fylkesdirektøren støttar utvalet sitt mindretal om at kontrollplikta skal gjelde frå same innslagspunkt som plikta til å nytte kontraktsvilkår om lønns- og arbeidsvilkår. Fylkesdirektøren meiner det er uheldig å skilje mellom innslagspunkt for plikta til å nytte kontraktsvilkår og plikta til å føre risikobasert kontroll av om kontraktsvilkåra vert overhalde. Dersom plikta til å stille kontraktsvilkår skal gjelde for eit kvart innkjøp omfatta av lova, bør det same gjelde for kontrollplikta. Ein må forvente at oppdragsgjevarar følgjer opp alle kontraktskrav. Fylkesdirektøren meiner fleirtalet sitt forslag vil utgjere eit kunstig skilje mellom oppfølging og kontroll. Som mindretalet påpeikar, vil eit slikt skilje kunne medføre at useriøse aktørar sikter seg inn på dei mindre kontraktane og prisar inn at dei aldri blir kontrollert.

#### **4. Sentrale tiltak for grøn omstilling**

Fylkesdirektøren støttar anskaffingsutvalet sitt forslag til regulering av grønne innkjøp og utvalet sitt forslag til regulering i § 2-2.

Fylkesdirektøren er positiv til at det vert stilt strenge miljøkrav i offentlege innkjøp. Eit av hovudmåla for innkjøp i Vestland fylkeskommune er at fylkeskommunen skal gjennomføre miljøvennlege og berekraftige innkjøp. Føreslått § 2-2 vil støtte opp om dette hovudmålet.

Fylkesdirektøren meiner føreslått § 2-2 er betre eigna enn noverande § 7-9 til å ivareta klima- og miljøomsyn i den konkrete anskaffinga. Føresegna inneheld fleire tiltak for å fremje grøn omstilling og gjer oppdragsgjevar eit handlingsrom til å velje dei tiltaka som er best eigna for kvart enkelt innkjøp. Oppdragsgjevar kan dermed vektlegge miljø i den delen av anskaffinga der det har størst og reell påverknad. Fylkesdirektøren er positiv til utvalet sin innfallsvinkel i høve miljø. Dette er i tråd med Vestland fylkeskommune sitt standpunkt slik fylkeskommunen gav klart uttrykk for i høyringa til regjeringa sitt forslag til revisjon av anskaffingsforskrifta § 7-9.

Fylkesdirektøren meiner det er særleg positivt at føreslått § 2-2 tar omsyn til at tildelingskriterium ikkje alltid er det mest eigna verktøyet i innkjøpsprosessen for å ivareta miljøomsyn. Oppdragsgjevar bør kunne bruke kvalifikasjonskrav, minstekrav og/eller kontraktsvilkår der dette gjev større miljøvinst enn bruk av tildelingskriteriet miljø. Vestland fylkeskommune uttalte i høyringa til ny § 7-9 at bruk av tildelingskriteria aleine, ikkje er eit egna verkemiddel for å ivareta klima- og miljøomsyn. Vurderinga av korleis ein best tar omsyn til miljø må gjerast for kvart enkelt innkjøp.

Det er stor variasjon i dei innkjøpsprosessane som vert gjennomførte. I dei ulike marknadane er det stor variasjon i høve modnadsgrad. I ein marknad der miljøbelastninga allereie er redusert til eit minimum, er det en risiko for at tildelingskriteriet «miljø» ikkje er eigna til å gje nokon reell miljøeffekt eller til å skilje leverandørane frå kvarandre. Bruk av kvalifikasjonskrav og minstekrav kan derimot sikre at vinnande leverandør held den miljømessige standarden som det er grunnlag for i marknaden. Tildelingskriteriet «miljø» kan òg vera mindre eigna i ein marknad i rask utvikling. Det er problematisk å evaluere leverandørar på lovnadar om noko som skal bli oppfylt ved eit bestemt tidspunkt.

Fylkesdirektøren meiner at føreslått § 2-2 er betre eigna enn noverande § 7-9 til å fremje klima- og miljøomsyn i offentlege innkjøp ut frå eit kost-nytte perspektiv. Det er viktig at dei krava og tildelingskriteria som vert stilt faktisk bidrar til grøn omstilling, og ikkje berre vert stilt for å ivareta regelverket.

Fylkesdirektøren støttar ei plikt til klima- og miljøkartlegging i innkjøp underlagt kunngjeringsplikt. Dette vil kunne bidra til auka bevisstgjerjing hjå oppdragsgjevarar rundt kva som skal kjøpast inn, om ein skal kjøpe nytt eller brukt og korleis anskaffinga bør innrettast for å ivareta miljøet på ein best mogleg måte.

Fylkesdirektøren er positiv til at oppdragsgjevar kan nytte standardiserte minimumskrav til å oppfylle plikta etter § 2-2. Fylkesdirektøren er samd i at ein av dei største barrierane for å auke mengda av klima- og miljøvennlege anskaffingar er mangel på tid, ressursar og kompetanse hos

offentlege oppdragsgjevarar. Standardiserte minimumskrav vil i det høve vere eit viktig grep for å oppnå hurtig grøn omstilling.

Fylkesdirektøren er samd i at ei plikt til å bruke rettleiande standardiserte minimumskrav frå DFØ kan vera problematisk opp mot prinsippet om fylkeskommunalt sjølvstyre. DFØ skal ikkje i realiteten opptre som ein forskriftsgjevar ovanfor kommunar og fylkeskommunar. Fylkesdirektøren er derfor samd i at kommunale og fylkeskommunale verksemdar må vedta å ta i bruk rettleiande standardiserte minimumskrav utarbeida av DFØ.

## 5. Forenkla reglar for mindre innkjøp

### 5.1 Generelt om endringane

Fylkesdirektøren er i all hovudsak positiv til endringane som er føreslått for innkjøp under EØS-terskelverdi, og meiner at dei føreslåtte endringane vil utgjere ei reell forenkling av dagens regelverk.

Fylkesdirektøren er positiv til at det er færre konkrete føresegner som kan leggest til grunn for ein eventuell klage. Dette kan føre til mindre administrativ handsaming av tvistar. Det vil likevel vere ein føresetnad at oppdragsgjevar opptre med integritet og overheld dei forvaltningsrettslege prinsippa.

Fylkesdirektøren meiner at anskaffingsutvalet ved å forenkla regelverket for anskaffingar under EØS-terskelverdi har auka handlingsrommet til oppdragsgjevar. Dette vil og gjelde i høve lokale leverandørar. Denne auka i oppdragsgjevar sitt handlingsrom, sett saman med formålsføresegna som seier at lova skal bidra til «konkurranse om offentlige kontrakter, herunder for små og mellomstore leverandører», vert sett på som positivt.

Fylkesdirektøren er positiv til å heve innslagspunktet for anskaffingsregelverket frå 100.000 kr til 300.000 kr. Fylkesdirektøren meiner innslagspunktet bør indeksregulerast jamleg. Vurderinga av kor ofte ei slik regulering bør skje, må gjerast på bakgrunn av to omsyn. Omsynet til brukarvenlegheit tilseier at regelverket bør ha ein sum å halde seg til som ikkje vert endra for hyppig. Omsynet til inflasjon tilseier at reguleringa bør skje ofte nok til å unngå at terskelen reelt sett senkast av betydning.

### 5.2 Vare- og tenesteanskaffingar under EØS-terskelverdi

Fylkesdirektøren er positiv til at dei generelle EØS-rettslege prinsippa vert erstatta med generelle forvaltningsrettslege prinsipp, slik anskaffingsutvalet har føreslått i § 3-1 fjerde ledd. Dette vil mest sannsynleg ikkje utgjere ein praktisk forskjell, men det kan bidra til å hindre nedfallsproblematikken som anskaffingsutvalet viser til.

Fylkesdirektøren meiner likevel at desse forvaltningsrettslege prinsippa bør bli lista opp i lova slik det mellom anna er gjort i Danmark. Det vil truleg gjere det lettare for personar utan juridisk bakgrunn å setje seg inn i regelverket.

Fylkesdirektøren meiner forarbeid eller rettleiar bør gjere greie for kva følger det vil få å innføre forvaltningsrettslege prinsipp i høve gjeldande rett og praksis frå klagemnda for offentlege anskaffingar.

Fylkesdirektøren er positiv til anskaffingsutvalet sitt forslag om at marknadsmessige vilkår skal vere det rådande prinsippet for anskaffingar under EØS-terskelverdi. Dette vil føre til at oppdragsgjevar sitt handlingsrom i høve gjennomføring av anskaffingar vil verte auka betrakteleg.

Fylkesdirektøren er positiv til at inngåtte kontraktar for varer og tenester under EØS-terskelverdi skal gjerast offentlege.

### 5.3 Bygge- og anleggsanskaffingar under EØS-terskelverdi

Fylkesdirektøren stiller seg bak mindretalet sitt forslag til regulering av bygge- og anleggskontraktar under EØS-terskelverdi, der det er føreslått eit felles regelverk for alle bygg- og anleggsanskaffingar frå 3 millionar til 56 millionar kroner. Denne løysinga vil medføre ei reell forenkling av regelverket, samstundes som løysinga vil gje oppdragsgjevar og leverandør eit sett med reglar som er føreseielege for gjennomføringa av konkurransen.

Fylkesdirektøren er positiv til at mindretalet sitt forslag gjev oppdragsgjevar større handlingsrom enn noverande regelverk når det gjeld gjennomføringa av konkurransen. Etter mindretalet sitt

forslag står oppdragsgjevar fritt til å velje framgangsmåte for konkurransen, men oppdragsgjevar må oppgje kva reglar som gjeld for konkurransen for å sikre at det er føreseieleg for leverandørane. Det må og opplysast om det skal gjennomførast forhandlingar, kva forhandlingane skal gjelde og korleis dei vert gjennomførte. Oppdragsgjevar står friare til å innhente eventuell dokumentasjon og informasjon som manglar, og ein vil kunne unngå å måtte avvise leverandørar på bakgrunn av manglande oppfyljing av kvalifikasjonskrava. Fylkesdirektøren er positiv til at oppdragsgjevar kan avklare og forhandle om alle sider ved tilbodet, inkludert vesentlege atterhald og avvik.

Mindretalet sitt forslag gjer òg at oppdragsgjevar står fritt til å stille kvalifikasjonskrav, så lenge desse kvalifikasjonskrava har tilknytning til leveransen, og står i forhold til denne. Det vert og opna for at oppdragsgjevar kan nytte same vurderingstema som både kvalifikasjonskrav og tildelingskriterium. Her får oppdragsgjevar større handlingsrom og meir fridom enn etter EØS-regelverket, som legg føringar på kva kvalifikasjonskrava må relatere seg til samt uttømmmande seier kva dokumentasjonskrav som skal stillast til faglege og tekniske kvalifikasjonar.

Mindretalet sitt forslag gjev òg oppdragsgjevar større handlingsrom når det gjeld tildelingskriterium. Etter mindretalet sitt forslag står oppdragsgjevar fritt til å velje tildelingskriterium, så lenge dei har tilknytning til det som vert kjøpt. Her vil oppdragsgjevar og få større fridom enn over EØS-terskelverdi. Likeins vil ein unngå å kome i situasjonar der ein må avlyse konkurransen på bakgrunn av at oppdragsgjevar har stilt eit ulovleg tildelingskriterium. Dette vil og vera i tråd med føremålet til regelverket om å fremje effektiv og berekraftig bruk av samfunnet sine ressursar.

Fylkesdirektøren opplever forslaget til fleirtalet som ei overimplementering av EØS-regelverket på eit område der det ikkje er naudsynt, då nasjonale styresmakter har fått fridom til å setje egne reglar. Forslaget til fleirtalet framstår og som mindre føreseieleg og vesentleg meir komplisert for både oppdragsgjevar og leverandør.

Fylkesdirektøren meiner at fleirtalet sitt forslag er komplisert, både for oppdragsgjevar og leverandør. Etter fylkesdirektøren sitt syn er det fleire plassar der oppdragsgjevar kan trå feil. Det vil kunne føre til ei auke i tal avlysingar, avvisingar og klagar, samt mykje meir administrativ handsaming. Fylkesdirektøren meiner dette ikkje er i tråd med formålet om å fremme effektiv og berekraftig bruk av samfunnet sine ressursar.

#### *5.4 Innkjøp med klar grensekryssande interesse*

Fylkesdirektøren si vurdering er at denne føresegna vil legge opp til vurderingar som kan vere både skjønnsmessige og vanskelege for oppdragsgjevar å ta stilling til, og der ein berre har praksis frå EU å støtte seg på. Fylkesdirektøren vil presisere at det her er eit behov for ein tydeleg rettleiar dersom dette punktet vert innført.

Fylkesdirektøren ser likevel ikkje for seg at det vil verta ei utstrekt bruk av denne føresegna, og ein tydeleg rettleiar vil gjere det lettare å gjere ei vurdering av om anskaffinga har ei klar grensekryssande interesse. *5.5 Unntaksføresegner*

Fylkesdirektøren er kritisk til at unntaksføresegnene er fjerna for innkjøp under EØS-terskelverdi. Dette fører til at ein har unntak for innkjøp over EØS-terskelverdi, men ikkje for innkjøp under EØS-terskelverdi. Det gjer at Noreg legg seg på ei strengare linje enn kva EØS-direktiva krev. Fylkesdirektøren meiner at unntaksføresegnene som gjeld over EØS-terskelverdi og må gjelde under EØS-terskelverdi.

#### *5.6 Krav til protokoll*

I anskaffingsutvalet sitt forslag er det i § 24-1 innført ei plikt til å føre protokoll for anskaffinga. Denne regelen er tatt inn i del III som gjeld anskaffingar over EØS-terskelverdi. Det er uklart om ei plikt til å føre protokoll berre gjeld for anskaffingar over EØS-terskelverdi. Fylkesdirektøren meiner dette bør presiserast i føresegna slik at det vert tydeleggjort når kravet til protokoll gjeld.

## **6. Reglar for innkjøp over EØS-terskelverdi**

### *6.1 Språklege og strukturelle endringar*

Fylkesdirektøren er positiv til ein revisjon av reglane i del III som medfører klarare linjer mellom lovføresegn i norsk anskaffingsregelverk og konkrete direktivreglar. Fylkesdirektøren har likevel nokre merknadar til føreslått systematikk og innhald i enkelte av føresegnene.

Fylkesdirektøren støttar dei språklege endringane utvalet har føreslått i del III for å sikre eit direktivnært nivå. Dei språklege endringane vil vere eit viktig grep for å hindre rettsleg uklarleik ved tolking av norsk gjennomføring av føresegna i anskaffingsdirektivet. Fylkesdirektøren er einig med utvalet i at ønsket om direktivnær ordlyd ikkje bør medføre endring av omgrep som er godt etablert i innkjøpsfagleg praksis.

Fylkesdirektøren er derimot av den oppfatning at målet om å legge seg tett opp til anskaffingsdirektivet sin systematikk går på kostnad av brukarvennlegheit og forenkling. Dette stiller fylkesdirektøren seg kritisk til. Slik lovforslaget er utforma har fleire av lovføresegnene ei ulogisk og lite pedagogisk plassering. Ein logisk og brukarvennleg systematikk i regelverket er ikkje minst viktig av omsyn til dei som brukar anskaffingsregelverket utan juridisk utdanning. Det er i hovudsak ikkje-juristar som brukar anskaffingsregelverket i det daglege.

Fylkesdirektøren meiner at reglane har ei logisk plassering når dei vert sett i samanheng med andre relevante føresegner som omhandlar same steg i innkjøpsprosessen. Fylkesdirektøren meiner at føresegna om oppdeling av kontraktar og fastsetjing av fristar ikkje høyrer naturleg heime i kapittel 13 om «Kravspesifikasjon». Vidare er reglane om endring av leverandør undervegs i konkurransen ikkje logisk plassert i kapittel 15 om «Tildeling av kontrakt».

Fylkesdirektøren meiner at føreslått § 9-1 om prinsippa for offentlege innkjøp bør synleggjerast ved at den plasserast innleiingsvis i del III, til dømes i kapittel 4. Plasseringa i kapittel 9 medfører at dei grunnleggjande prinsippa ikkje får den synleggheit som dei bør ha.

Fylkesdirektøren meiner det er uheldig at dei ulike føresegnene ikkje følgjer den kronologiske rekkjefølgja i ein innkjøpsprosess. Rekkjefølgja av reglane i lova bør så langt det lar seg gjere vere i tråd med kronologien i ein innkjøpsprosess.

Fleire av føresegnene i kapittel 14 om «Kunngjering av konkurransen» gjeld steg i innkjøpsprosessen som kjem etter tildeling av kontrakt regulert i kapittel 15. Dette gjeld til dømes § 14-4 om kunngjering av kontraktsinngåing og § 14-9 om melding frå oppdragsgjevar om tildeling av kontrakt. Det gjeld også kapittel 17 «Kvalifikasjonskrav». Fylkesdirektøren er av den oppfatning at kapittel 17 «Kvalifikasjonskrav» høyrer kronologisk saman med kapittel 13 om «Kravspesifikasjon». Denne oppfatninga er i samsvar med korleis føresegna i noverande anskaffingsforskrift er systematisert.

Fylkesdirektøren er av den forståing at det ikkje er problematisk at norsk anskaffingslov har ein annan struktur enn anskaffingsdirektivet. Tolkingsproblema oppstår i all hovudsak ved språklege forskjellar og ikkje ved forskjellar i struktur. Ved å ha klare tilvisingar til anskaffingsdirektivet vil det vere enkelt å finne fram til relevant rettskjeldemateriale. Tilvisingane til anskaffingsdirektivet kan til dømes vere i rettleiar eller forarbeid.

## 6.2 Kommenterar til enkelte føresegner

I utvalet sitt forslag er det i del III inntatt ei føresegn i § 4-2 om definisjonar. I § 4-1 står det at reglane i del III gjeld viss verdien av anskaffinga overstig terskelverdiane i kapittel 6. I § 4-2 står det at «i loven menes med (...)». Fylkesdirektøren meiner det er uklart om definisjonane i § 4-2 berre gjeld for del III, eller om dei skal leggjast til grunn i heile lova. Fleire av omgrepa i § 4-2 er også relevant for anskaffingar under EØS-terskelverdi.

Fylkesdirektøren er positiv til utvalet si rettslege avklaring i høve forhandling med tilbod som inneheld vesentlege avvik. Dette har vore gjenstand for fleire rettsvistar og er ei svært viktig avklaring i kvardagen for både leverandørar og oppdragsgjevarar.

Fylkesdirektøren meiner det er uheldig at noverande anskaffingsforskrift § 14-2 om moglegheita til å gjere uvesentlege endringar i konkurransegrunnlaget ikkje vert føreslått vidareført. Sjølv om dette vil følgje av dei grunnleggjande prinsippa, vil det bli oppfatta som meir tilgjengeleg å ha ein konkret regel å sjå hen til.

Fylkesdirektøren kan ikkje sjå at utvalet har vidareført noverande anskaffingsforskrift § 21-5 om intensjonskunngjeringar. Fylkesdirektøren kan heller ikkje sjå at utvalet har kommentert dette noko nærare i høyringsforslaget. Føremålet bak ein intensjonskunngjering er viktig, både for leverandørane og for oppdragsgjevar. For leverandørane sikrar det gjennomsluttheit. Oppdragsgjevar vil på si side vere sikra mot at kontrakten på eit seinare tidspunkt kan bli kjent utan verknad, eller at han vert gitt alternative sanksjonar. Det er uheldig om føresegna om intensjonskunngjering ikkje vert inntatt i ny anskaffingslov. Fylkesdirektøren meiner at EU-domstolen si praksis på dette punkt bør kodifiserast i føreslått kapittel 14 «Kunngjering av konkurransen».

Fylkesdirektøren kan ikkje sjå at utvalet har kodifisert regelen om at rammeavtalen har uttømt sin verknad når maksimalverdien er nådd i ny lov. Fylkesdirektøren meiner at EU-domstolen sin praksis på dette punkt bør kodifiserast i føreslått kapittel 11, del I. Rammeavtaler.

Fylkesdirektøren er vidare av den oppfatning at namnet på kapittel 14 bør endrast frå «kunngjering av konkurransen» til «kunngjering». Det er etablert innkjøpspraksis at «kunngjering av konkurransen» knyter seg til kunngjeringa i TED-databasen eller Doffin. Kapittelet omhandlar ikkje berre kunngjering av konkurranse, men også kunngjering av kontraktsinngåing, meldingar om tildeling av kontrakt eller optak i eit dynamisk innkjøpssystem.

Fylkesdirektøren meiner at føreslått § 15-2 gir lite rettleiing med tanke på kor grensa går for kva avklaringar oppdragsgjevar kan gjere. Det er ikkje tilstrekkeleg å vise til at oppdragsgjevar må overhalde prinsippa om likebehandling og gjennomsluttheit. Føresegna bør konkretiserast ytterlegare i lova.

## Vedtakskompetanse

Fylkesutvalet har vedtaksmynde, jf. punkt 7 i reglement for fylkesutvalet: «Fylkesutvalet gir på vegner av Vestland fylkeskommune uttale i alle høyringssaker».

## Medverknad

Høyringsnotatet ligg tilgjengeleg her: <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/nou-2023-26/id3013726/>

## Vurderingar og verknader

**Administrative/økonomiske konsekvensar:** Dei føreslegne lovendingane vil kunne ha ein økonomisk konsekvens. Eit enklare og mindre rigid anskaffingsregelverk vil kunne medføre ein enklare administrativ handsaming av anskaffingar.

**Klima:** Dei føreslegne lovendingane bidrar til målet om å redusere klimagassutsleppa i Vestland fylkeskommune.

**Folkehelse:** Ikkje relevant.

**Utviklingsplan for Vestland 2020-2024 (Regional planstrategi):** Tiltaket støttar opp om mål 2, strategi 2.3 om at Vestland skal bidra til å nå klima- og miljømåla gjennom offentlege innkjøp. Tiltaket støttar opp om visjonen om å vere nyskapande og berekraftig, og er med på å setje retning for utviklinga av Vestland.

### **Konklusjon**

Fylkesdirektøren sluttar seg i det vesentlege til dei vurderingane som anskaffingsutvalet har gjort greie for i høyringsnotatet og meiner dette samla sett vil utgjere ei forenkling av noverande regelverk. Fylkesdirektøren støttar likevel utvalet sitt mindretal om at kontrollplikta skal gjelde frå same innslagspunkt som plikta til å nytte kontraktsvilkår om lønns- og arbeidsvilkår. Fylkesdirektøren stiller seg òg bak mindretalet sitt forslag til regulering av bygge- og anleggskontrakter under EØS-terskelverdi. Fylkesdirektøren støttar ikkje anskaffingsutvalet sitt forslag til systematisering av regelverket over EØS-terskelverdi då denne går på kostnad av brukarvennlegheit og forenkling. Fylkesdirektøren vil rå fylkesutvalet til å sende høyringsuttalen slik den ligg føre.